# Kompetanseløftet




HØGSKULEN I VOLDA

# Miljøterapi i demensomsorga

- Deltid, samlingar
- 15 studiepoeng
- Studieavgift: 15 000,- (Studentar kan søke om støtte til studieavgift og andre utgifter)

Studiet skal vere med å styrke den pedagogiske og kommunikative kompetansen til dei som arbeider i omsorgstenestene. Målet er tilrettelagde miljøtiltak i heimetenestene, på institusjon og i dagaktivitetstilbod. Emnet skal gi kompetanse i å legge til rette for ein god kvardag for menneske med kognitiv svikt. Personsentrert omsorg er sentralt idenne vidareutdanninga. Ein vil kunne utvikle ferdigheiter i å planlegge, gjennomføre og evaluere miljøtiltak individuelt og i gruppe

HØGSKULEN I VOLDA

# Miljøterapi i demensomsorga

- Innhald:
- Personsentrert omsorg
- Demens og kognitiv svikt
- Kommunikasjon og samhandling
- Pårørandeperspektivet
- Velferdsteknologi




HØGSKULEN I VOLDA



# Helsefag for sosialarbeidarar

- Deltid. Nettstudium, samlingar
- 30 studiepoeng
- Studieavgift: 8000,-

Endringar i organisering av velferdstilbodet har ført til at sosialarbeidarar i dag møter situasjonar der helsefagleg kompetanse vert etterspurt. Studiet fokuserer på korleis helseperspektivet kan supplere det sosialfaglege perspektivet. Dette vil legge grunnlag for ei større fagleg breidde og bidra til å understøtte god kvalitet i helse og sosialsektoren.

Målgruppe for vidareutdanninga: Sosialarbeidarar som jobbar med ulike sårbare brukargrupper som både har sosialfaglege og helsefaglege utfordringar. For eksempel tilsette i tenesta for funksjonshemma, rehabilitering og eldreomsorg, rus, psykisk helse, einslege, mindreårige asylsøkjarar og flyktningar og ungdom i barnevernsinstitusjon.

HØGSKULEN I VOLDA

# Helsefag for sosialarbeidarar

Eit studium- sju tema:

- Anatomi/ fysiologi
- Sjukdomslære/ funksjonssvikt
- Farmakologi/ legemiddelhandtering
- Førebyggande helsearbeid
- Grunnleggande omsorg/ pleie
- Sentrale lover og organisering
- Tverrprofesjonelt samarbeid/ samhandling



HØGSKULEN I VOLDA



# Helserett i kommunen

- Deltid, samlingar
- 15 studiepoeng
- Studieavgift: 15 000,- (Studentar kan søke om støtte til studieavgift og andre utgifter)

Studiet har fokus på sentrale rettslige problemstillingar og myndighetskrav ved saksbehandling, skjønnsutøvelse og tjenesteyting ved tildeling og bortfall av helse- og omsorgtjenester i kommunen. Målgruppa for studiet er leiarar og dei som har ansvar for saksbehandling ved tenestetildeling – dvs dei som utgreier saker, fattar vedtak og som behandlar klager på tenestevedtak. Tilbodet er eit samarbeid mellom Høgskulen i Volda og Per Gammelsæther ved IKKS Omsorgskompetanse AS. Gammelsæther har i ei årrekkje arbeidd tett opp mot kommunar si helse- og omsorgsteneste og kan tilføre mykje praksisnær kunnskap i studiet. Dette styrker utdanninga sin relevans for praksisfelt.

HØGSKULEN I VOLDA

# Rus - samfunnsproblem, førebygging og behandling

- 2 semester:
- Rus som kulturelt og sosialt fenomen (15 stp)
- Tiltak mot rusproblem (15 stp)

Nordmenn sine haldningar til og bruk av alkohol er i endring, og desse endringane kan føre til at fleire får problem som følgje av alkoholbruken sin. Vidare er bruken av ulike narkotiske stoff er eit vedvarande problem i det norske samfunnet, og hjelpetiltaka for personar med rusproblem er inne i ein omstillingsfase. Studiet er retta mot yrkesgrupper som arbeider innanfor rusfeltet som treng fagleg påfyll for å møte stadig nye utfordringar.

HØGSKULEN I VOLDA



# Master i Meistring og myndiggjering

Masterstudiet er retta mot deg som har yrkesutdanning innanfor helse- og sosialfag, og som ønskjer auka kompetanse i relasjonsarbeid sett i høve til einskildpersonar, familiar og grupper. I studieprogrammet vert det fokusert på meistring og myndiggjering av menneske i alle delar av livsløpet, når det gjeld å handtere utfordringar i ulike situasjonar.

HØGSKULEN I VOLDA

# Master i Meistring og myndiggjering

- 120 studiepoeng
- 3 obligatoriske emne på 15 studiepoeng kvar:
- Samhandlingsperspektivet
- Strukturperspektivet
- Forskingsmetode og vitskapsteori
- Valfrie emne: 30/45 stp.
- Masteroppgåve: 30/ 45 stp.

HØGSKULEN I VOLDA



# Master i Samfunnsplanlegging og leiing

Eit samfunn i kontinuerleg omstilling stiller store krav til leiarar, både i offentleg og privat sektor. Masterstudiet gir høg yrkesretta kompetanse i planlegging, utviklingsarbeid og leiing i samfunn og organisasjonar. Høgskulen i Volda tilbyr som den einaste utdanningsinstitusjonen i landet, ei mastergrad der planlegging og leiing blir sett i samanheng. I studiet vert det lagt vekt på å knyte teori og praksis saman, og til å stimulere studentane til å reflektere over det å vere planleggar og leiar.

HØGSKULEN I VOLDA

# Master i Samfunnsplanlegging og leiing

Deltid, samlingsbasert

Obligatoriske emne:

- Regional planlegging og utvikling, 15 stp.
- Offentleg organisering og leiing, 15 stp.
- Forskingsmetode og vitskapsteori, 15 stp.
- Masteroppgåve i samfunnsplanlegging og leiing, 30/45 stp.

Valfrie emne:

- Prosessleiing i samfunn og organisasjonar, 15 stp.
- Leiing og personalutvikling, 15 stp.
- Helse og omsorg i plan, 30 stp.

HØGSKULEN I VOLDA

# Leiing i helse- og sosialtenesta

Deltid, samlingar

• 30 studiepoeng

For tilsette i helse- og sosialtenesta som ønskjer å • sjå samanhengar mellom organisasjonsmessige forhold og eiga leiarrolle • vurdere eiga verksemd, fagleg og organisatorisk • yte aktivt til samarbeid på tvers av fag og organisasjonar • gå aktivt inn i ulike leiarroller, med særleg vekt på leiing av endringsprosessar • ivareta personalleiing på ein måte som fremjer engasjement og effektivitet i eigen organisasjon • forvalte økonomiske og andre ressursar på ein ansvarleg måte • ta omsyn til relevant lovgiving i utøvinga av saksbehandling og leiing


BERGHANSEN
Du reiser ikke alene
MARS
JUNI
NOVEMBER
MultiCopy
ORIGINAL
Business